

Namnsetjing av gater og vegar

Språkrådets stadnamnteneste

Språkrådets stadnamnteneste gir råd om skrivemåten av norske og kvenske stadnamn. Vi gir òg råd om namnsetjing og svarer på spørsmål om stadnamn og stadnamnbruk generelt.

Alle statlege, fylkeskommunale og kommunale organ som skal vedta skrivemåtar av stadnamn, skal leggje saka fram for stadnamntenesta før dei gjer vedtak.

www.sprakradet.no
www.spraakradet.no

Under menypunktet «Stedsnavn» på nettstaden til Språkrådet finn du kontaktinformasjon til stadnamntenesta og meir informasjon om stadnamn og kommunal namnsetjing.

Den samiske stadnamntenesta er knytt til Sametinget. Du finn kontaktinformasjon på nettsidene til Sametinget.

Denne brosjyren finst òg på bokmål.
Utforming: Tank design
Trykk: 07 Oslo
Opplag 2500 (2012)
Kartgrunnlag: Kartverket 2012

Vegen Tråkka (framsida) i Oslo fekk namn etter ein hamnehage som før låg på staden. Nye adressenamn bør byggje på lokale stadnamn. Slik tek vi vare på namn som elles kunne blitt borte.
Foto: Språkrådet



Prinsipp for val av adressenamn

Alle stadnamn, også adressenamn, representerer viktige språklege og kulturelle verdiar. Dei er ein del av lokalmiljøet og lokalhistoria, og dei er med på å styrkje folks kjensle av å høyre til på ein stad. Når ein skal gjere vedtak om nye namn, må ein ha i tankane at desse namna skal bli ståande i generasjonar framover.

Stadnamn er kulturminne.

I kapittel 6.6.1 i *Om tildeling og forvaltning av adresser etter matrikkellova. Adresseveileder* (sjå faktaboksen) er det eit kort oversyn over prinsipp for val av adressenamn. Desse prinsippa blir det gjort greie for her, med utgangspunkt i Botolv Hellelands bok *Adresser og stadnamn – del 2*:¹

1. Sjå <http://www.sprakrad.no/upload/Stedsnavn/Adresser%20og%20stadnam.pdf>



1. Namnet må høve i eit samordna system for adressering

Av praktiske grunnar er det viktig å unngå at same namn blir nytta om meir enn éin adresseparsell i kommunen. Før eit nytt namn blir vedteke, må ein sjå til at det ikkje kan forvekslast med namn som finst frå før i kommunen eller i tilstøytande område i grannekommunane. Ein bør avgrense bruken av namn med same forledd, som til dømes Bergsvegen og Bergsbakken. Av omsyn til uttrykkingstenestene og andre som skal finne fram, bør slike namn liggje i nærleiken av kvarandre.

2. Namnet bør byggje på og føre vidare den lokale namnetradisjonen

At ein byggjer på den lokale namnetradisjonen, vil seie at ein prøver å føre vidare lokale, tradisjonelle stadnamn i adressetildelinga. Slik er ein med på å ta vare på stadnamn som kanskje elles ville gått ut av bruk. Til dømes kan det vere aktuelt å ta utgangspunkt i namn på gardar eller andre verksemder, eller ein kan nytte namn på teigar og nedlagde husmannsplassar som *Lykkja*, *Nyjordet*, *Sagbakken* og *Sørtorpet*, enten direkte eller med tillegg av eit ord for veg. I kommunar med kvensk og samisk namnetradisjon er det aktuelt å nytte namn på desse språka, til dømes namn på gamle slåttemarker, myrer, fiskeplassar og skogteigar. Føresetnaden for å nytte slike namn er at den vegen eller det området som skal ha namn, ligg på eller like ved staden som har namnet frå før.

Nye adressenamn bør byggje på lokale stadnamn og tradisjonelt ordtilfang.

Dersom ein lagar nye stadnamn, bør ein byggje på det tradisjonelle ordtilfanget. Ein kan gjerne bruke meir dialektale ord som til dømes *brekke*, *gang*, *geil*, *gutu*, *kleiv*, *lei*, *linne*, *løype*, *rekster*, *renne*, *råk*, *smug*, *strete*, *tråkk* og *veit* i staden for dei meir vanlege etterledda *veg* og *gate* (sjå òg punkt 3).

Det finst mange døme på at private utbyggjarar marknadsfører prosjekta sine med prangande namn som *Finstad hageby*, *Nylund park* eller *Oppenåsen panorama*. For å unngå at slike namn blir nytta som adressenamn framfor meir tradisjonelle stadnamn og namnelagingar, er det viktig at kommunen er tidleg ute med adressetildeling og namnsetjing.

3. Namnet bør høve på staden

At eit namn høver på staden, tyder at det uttrykkjer særdrag ved adresseparsellen eller området rundt. Ved sida av ord som *veg, gate/gutu, sti* osv. kan ein òg nytte ord som karakteriserer terrenget der vegen ligg, som *bakke, eng, haug, helling, jorde, li, slette, voll* osv. Tradisjonelle stadnamn i området har vanlegvis bakgrunn i lokale natur- og kulturtilhøve, og er difor knytte naturleg til staden.

4. Namnet bør ikkje verke støytande eller komisk

Når ein lagar nye namn, må ein tenkje på dei som skal bu i området. Difor bør ein ikkje velje namn som kan verke støytande eller komiske. Det vil likevel ikkje seie at ein skal unngå tradisjonelle namn i området sjølv om dei kan gi negative assosiasjonar for folk som ikkje kjenner til det lokale namnetilfanget og talemålet.

5. Namna bør vere varierte

Ein bør leggje vekt på variasjon og mangfald i namngivinga. Det kan ein gjere ved å nytte ulike etterledd (sjå punkt 2 og 3), men òg ved å nytte tradisjonelle stadnamn eller ord frå lokale kultur- eller næringstilhøve i adressenamna, til dømes namn frå gards- og skogsarbeid (*Ploglandet, Slåttenga, Tømmervelta*), namn frå industriverksemd (*Maskingata, Sagsbruksbakken, Verksveien*), plantenamn (*Bjørkebakken, Bringebærstien, Fiolvegen*) eller dyrenamn (*Ekornvegen, Elgtråkket, Rådyrfaret*).

6. Namnet bør vere lett å skrive, lese og uttale

Adressenamna skal hjelpe oss å finne fram dit vi skal. Når ein skal velje namn, bør ein difor leggje vekt på at namnet er lett å oppfatte, skrive og uttale. Ei kort samansetjing er som regel betre enn ei lang. Til dømes kan ein vurdere *Bråtavegen* som vegnamn i staden for *Rønnerudbråtavegen*.

7. Ein bør unngå å nytte namn på nålevande personar i adressenamna

Grunnen til det er at omdømmet til ein person kan endre seg over tid. Helst bør det gå minst fem til ti år frå ein person er død, til ein vel å nytte namnet til denne personen som ein del av eit adressenamn.

Korleis skal namna skrivast?

Allment om skrivemåten av stadnamn

Stadnamn i offentleg bruk skal skrivast i samsvar med reglane i stadnamnlova. Som hovudregel skal ein ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen, det vil seie den uttalen av namnet som er overlevert frå tidlegare generasjonar, og som framleis er i bruk på staden. Skrivemåten skal likevel tilpassast gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk. Avsnitta om skrivemåte nedanfor gjeld norske namn, men Språkrådets stadnamnteneste gir òg råd om skrivemåten av kvenske namn (sjå siste side).

Eksisterande stadnamn som del av eit adressenamn

Skrivemåten av namnet i primærfunksjonen, det vil seie namnet på den opphavlege lokaliteten, skal etter stadnamnlova § 4 andre ledd vere retningsgivande for skrivemåten av namnet i andre funksjonar. Dersom eit gardsnamn har vedteke skrivemåte *Steinvoll*, må ein skrive *Steinvollvegen, Steinvollbakken* osv. dersom dette gardsnamnet skal nyttast som førsteledd i adressenamn.

Primærfunksjonen til eit namn vil seie namnet på den lokaliteten som først bar namnet. Til dømes kan eit gardsnamn *Steinvoll* gi namn til fjellet *Steinvollnuten*, vatnet *Steinvolltjernet* og tettstaden *Steinvoll*. Det vil da vere gardsnamnet *Steinvoll* som er primærfunksjonen til namnet, og skrivemåten av gardsnamnet blir retningsgivande for namnet på fjellet, vatnet og tettstaden.

Nokre gonger kan det vere tvil om kva for skrivemåte som gjeld for eit eksisterande stadnamn. Etter stadnamnlova skal alle vedtekne skrivemåtar av stadnamn, også adressenamn, meldast inn i Sentralt stadnamnregister (SSR). Dette registeret inneheld ikkje berre vedtekne namn, men òg såkalla godkjende namneformer, det vil seie skrivemåtar som var i offentleg bruk da stadnamnlova tok til å gjelde 1. juli 1991. Når det ikkje er reist namnesak og gjort vedtak om skrivemåten

av eit namn etter reglane i stadnamnlova, vil ofte eitt og same namn liggje inne med fleire godkjende skrivemåtar. Kommunen bør da, i tråd med forskrifta til stadnamnlova § 15 siste ledd, velje den skrivemåten som står på namneiningsplassen (den øvste plassen) i SSR når namnet skal nyttast på kart, på skilt eller i adresser, eller når det skal vere forledd i ei ny samansetjing.

Dersom kommunen ønskjer å nytte eit allereie eksisterande namn i adressenamnet, men med ein skrivemåte som ikkje er registrert i SSR, må det reisast namnesak om skrivemåten av namnet i primærfunksjonen før det kan nyttast som del av eit adressenamn. Det går fram av § 5 i stadnamnlova kven som har vedtaksmynde for namnet i primærfunksjonen. Vanlegvis er det Kartverket.

Å reise namnesak vil seie å ta opp skrivemåten av eitt eller fleire namn med det organet som har vedtaksmynde. Dette organet følgjer saksgangen som er nedfelt i stadnamnlova med høyringsrundar der alle som har uttalerett, får høve til å uttale seg. Deretter skal stadnamntenesta gi si tilråding før organet gjer vedtak om skrivemåten.

Skrivemåten av utanlandske namn og personnamn i adressenamn

Utanlandske namn og nyare personnamn treng ikkje følgje gjeldande rettskriving. Personnamn skriv ein som hovudregel slik personen sjølv skreiv namnet. Når namn på historiske personar skal nyttast i adressenamn, følgjer ein Språkrådets liste over historiske namn.²

Bestemt eller ubestemt form?

Når eit personnamn i genitiv er nytta som forledd i eit adressenamn, kan etterleddet skrivast i ubestemt form: *Karl Johans gate*. Elles bør

namnet som hovudregel skrivast i eitt ord og med bestemt form av sisteleddet i samsvar med vanleg norsk namnelaging: *Gamlevegen*, *Grünerløkka*, *Myrsletta*, *Leitet*.



Stadnamn skal oftast skrivast i eitt ord og i bestemt form med bestemt artikkel.

Eitt eller fleire ord?

Det vanlege i norsk namnelaging er at fleirledda namn skal skrivast i eitt ord og har bestemt form (*Dalsskogen* og *Nærøybrua*, ikkje *Dal skog* og *Nærøy bru*). Når det gjeld gate- og vegnamna, er det likevel ein viss tradisjon for særskriving, altså at namnet blir skriva i to eller fleire ord. Dersom førsteleddet står i genitiv og sisteleddet har ubestemt form, er det vanleg at namnet blir særskriva, til dømes *Håkons veg* og *Ivar Aasens gate*. Det er likevel ikkje noko i vegen for at desse namna kan få bestemt form, altså *Håkonsvegen* og *Ivar Aasen-gata*. I det siste dømet viser bindestreken at ordet *gata* står til heile personnamnet og ikkje berre til etternamnet.



Stor eller liten forbokstav?

Stadnamn skal alltid skrivast med stor forbokstav. Ved lause samansetjingar skal berre det første ordet ha stor bokstav når resten av namnet er eit fellesnamn i ubestemt form: *Nedre gate*, *Solli plass*. Slike namn kan òg skrivast *Nedregata*, *Solliplassen*, sjå førre avsnitt.

Samansetjingsmåte

Når namn som *Dalen*, *Fjellet*, *Tangen* og *Vika* går inn som forledd i andre namn, mister dei vanlegvis endinga og får eventuelt ei samansetjingsfuge: *Dalsvegen*, *Fjellvegen*, *Tangevegen*, *Vik(s)vegen*. Såkalla jamvektsord får endingar som *-ån/-an* (*Bråtån/Bråtán*), *-ua* (*Gutua*). I samansetjingar kan desse halde oppe den spesielle vokalen, altså *Bråtåvegen/Bråtavegen*, *Gutulia*. Når ein lagar nye, samansette namn, bør ein alltid undersøkje om det finst andre samansetjingar med same forledd som kan nyttast som mønster.

Bruk av apostrof

Genitivs-s kan nyttast når forleddet er eit personnamn: *Sigurds veg*. Dersom personnamnet sluttar på *s*, *x* eller *z*, skal det nyttast berre apostrof i genitiv: *Elias Blix' gate*, *Herman Foss' gate*.

Aksentteikn

I ord som *allé* og *chaussé* er det etter rettskrivinga valfritt å nytte aksentteikn. I adressenamn er det likevel vanleg praksis at aksentteiknet blir nytta i ubestemt form, men ikkje i bestemt form: *Madserud allé*, men *Harbitzalleen*.

Prosedyre for behandling av nye adressenamn

Denne prosedyren er det gjort nærare greie for i *Om tildeling av forvaltning av adresser etter matrikkellova. Adresseveileder*.

1. Kommunen lagar inndeling i adresseparsellar

Det å leggje til rette og bestemme adresseparsellane er ei teknisk/administrativ oppgåve og blir vanlegvis utført av oppmålingsmyndighetene i kommunen.

2. Kommunen lagar forslag til adressenamn for parsellane

Før eller i samband med det bør folk i kommunen og lokale lag og foreiningar inviterast til å kome med innspel og namneforslag. Det kan skje ved kunngjering i lokale aviser og/eller på nettsidene til kommunen. Kommunen kan gjerne ta kontakt med stadnamntenesta i det førebuaende arbeidet.

3. Kommunen sender namneforslag(a) til stadnamntenesta til fråsegn

For adressenamn med forledd som ikkje er registrerte i SSR, bør kommunen leggje ved ei grunngeving for namnevalet. Jo meir informasjon som er lagd ved, jo lettare blir arbeidet for stadnamntenesta. Stadnamntenesta jamfører namna med opplysningane og statusen i SSR og eventuelt i andre kjelder, og gir si tilråding om skrivemåten av namna.

4. Stadnamntenesta vurderer om det må reisast formell namnesak

Dersom kommunen ønskjer å nytte ein skrivemåte som er annleis enn skrivemåten/skrivemåtane i SSR, må det reisast formell namnesak etter saksgangen i stadnamnlova. Det vil seie at kommunen tek opp namnesaka med vedtaksorganet (vanlegvis Kartverket), og at det blir gjennomført høyringsrundar slik at alle som har uttalerett, får høve til å uttale seg. Før det blir gjort vedtak, skal stadnamntenesta gi si tilråding. Dersom det er mange adressenamn som er til behandling samtidig, kan ein ta dei namna som det skal reisast formell namnesak for, ut av hovudbehandlinga, slik at ikkje heile adresseringsprosessen stoppar opp. Sjå elles avsnittet «Eksisterande stadnamn som del av eit adressenamn» ovanfor.

5. Vedtak om val av namn

Når skrivemåten av dei foreslåtte namna er avklara, gjer kommunen vedtak om kva for namn som skal gjelde for dei aktuelle adresseparcellane, og fører desse namna i matrikkelen. Det er ikkje nokon formell rett til å klage på slike vedtak.

6. Vedtak om skrivemåte

For namn som har vore behandla i formell namnesak etter stadnamnlova, gjer kommunen formelt vedtak om skrivemåten av adressenamna og fører dei inn i matrikkelen.

7. Registrering av nye adressenamn

Nye adressenamn skal førast i matrikkelen, i SSR og i FKB-vegnett (Felles kartdatabase vegnett, Kartverkets register for veginfo). Meir informasjon om dette finst i *Om tildeling og forvaltning av adresser etter matrikkellova. Adresseveileder*.



8. Klage

Formelle vedtak om skrivemåten av adressenamn kan påklagast. Etter stadnamnlova er det berre *skrivemåten* av adressenamn som kan påklagast, og ikkje sjølvne namnevalet. Kven som kan klage på skrivemåten, går fram av stadnamnlova § 10. Klagen skal sendast til vedtaksorganet, det vil seie til kommunen i saker som gjeld namn på adresseparsellar. Kommunen førebur klagesaka på same måte som ved første gongs behandling. Det vil m.a. seie at namnet på nytt må ut på lokal høyring, og at stadnamntenesta lagar ei ny fråsegn. Dersom klagaren ikkje får medhald av vedtaksorganet, skal saka sendast til klagenemnda for stadnamnsaker. Vedtak i klagenemnda er endelege.

Nye adressenamn som det ikkje er gjort formelt vedtak om etter lov om stadnamn (det vil seie namn som har status godkjend i SSR), er det ikkje høve til å klage på, men det kan reisast namnesak for å få gjort vedtak om skrivemåten.

Samiske og kvenske namn har ein litt annleis saksgang enn den som det er gjort greie for ovanfor. Meir informasjon om dette finst på nettsidene til Språkrådet.³

3. Sjå <http://www.språkrådet.no/nb-NO/Tema/Stedsnavn/Skrivematen-av-stedsnavn/Skisse-over-saksgang/>

